

Til lokallaga i Hordaland folkemusikklag og Sogn og Fjordane folkemusikklag

04.02.2021

### **Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet**

Vestland fylkeskommune, Hovudutval for kultur, idrett og integrering har løyvt kr 100 000,- til Hordaland folkemusikklag og Sogn og Fjordane folkemusikklag etter felles søknad frå dei to laga. Vilåret fylkeskommunen set er at midlane skal nyttast i tråd med grunngjevinga i søknaden. Grunngjevinga er slik:

*Mange lokallag i Sogn og Fjordane og Hordaland folkemusikklag har hatt lite aktivitet under covid19-pandemien. Dei er forsiktige med å planlegg aktivitet framover når alt er so usikkert. Me ynskjer å stimulera til aktivitet lokalt ved å kunna tilby søkbare midlar til aktivitet for born, unge og vaksne i alle lokallaga våre. Tilsaman har me 32 lokallag rundt i heile fylket. Arrangement og aktivitet vil i denne tida vil naturleg nok måtte gjennomførast med få deltakarar, og i nokre fall er det trong for å leiga større lokale. Ekstra midlar til aktivitet vil sikra at det er mogleg å gjennomføra utan stor påmelding og inntjening for lokallaga, slik at dei kan planlegga og oppretthalda aktivitetsnivå.*

Begge områdelaga i fylket har lagt slike føringa på søknadene frå lokallaga:

- *For tiltak frå koronarestriksjonane kom og fram til no skal det i søknaden leggst ved rapport som beskriv tiltaket og eventuell grunnlag for avlysing og rekneskap som gjev grunnlag for å vurdere økonomisk resultat.*
- *For planlagde tiltak i første halvår skal det leggst ved plan for tiltaket og budsjett.*
- *Søknadsfrist er 01.03.2021.*

Spørsmål vedrørande ordninga og søknader med vedlegg rettast til:

Sogn og Fjordane folkemusikklag v/ dagleg leiar Dordi Boksasp Lerum

E-postadresse: [dordi@folkemusikklaget.no](mailto:dordi@folkemusikklaget.no)

Telefon: 95 99 27 00

Med beste helsing

Hordaland folkemusikklag og Sogn og Fjordane folkemusikklag